

Fogn Grendalag, styret.

Referat fra styremøte 6.mai 2013.

Møtestad: Fogn oppvekstsenter.

Møtetid: Kl.18.30 – kl.20.30

SAKLISTE:

Sak 1: Konstituering.

Leiar, Jostein Østhus, blei vald på årsmøtet.

I tillegg er desse med: Bjarne Bøe, Malvin Sandanger, Terje Kjølvik, Inger Marie Egeland, Mari-Anne Runestad, Merete M. Kindingstad.

Varam.: Kathrine Flesjå og Kristoffer Østhus.

Jostein skal vera skrivar, og Merete skal vera kasserar.

Malvin held fram som leiar i kulturgruppa. I tillegg til Malvin blir Merete frå styret med i gruppa. Malvin kallar inn og konstituerer kulturgruppa.

Sak 2: Samferdselssaka.

I innkallinga refererte vi til viktige datoar for saka.

- **13.mai:** Folkemøte på Finnøy.
- **22.mai:** Formannskapet kjem med uttale i saka.
- **29.mai:** Saka skal opp i Samferdselsutvalet.
- **11.-12.juni:** Saka blir handsama i Fylkestinget.

Representantar frå grendalagsstyret deltek på Folkemøtet 13.mai. Vi vil også fanga opp eventuelle innstillingar eller sakspapirer som måtte koma før møtet.

Sak 3: Badeplassen, SKINNVIKA.

Parkering ved drivhus til Jon Olav og Mari-Anne.

Malvin syter for at det blir sett opp skilt med retningspil til parkeringsområdet.

Jostein tingar gjerdeklyvar og sitjebenk.

Bjarne kallar inn til dugnad for gangbruer over sumpområder.(før 23/6)

Sak 4: Kommuneplanen.

Innspel til kommuneplanen må sendast inn før 17.august 2013.

Styret førebur nye innspel til planen innan neste styremøte.

Sak 5: Saker vi vil prioritere framover.

I samband med tenning av julegran ved butikken laurdagen før 1.sundag i advent, vil Grendalaget saman med andre interesserte arrangera til adventstreff med utlodning og anna. Detaljplanlegginga ligg framføre.

Ynskjer at overskotet frå Æråsbasaren i august går til Grendalaget.

Ynskjer blant anna å bruka grendalagssidene på fogn.org til

annonsering/reklame for til dømes næringslivsforetaka på øya. Dette også med tankar for inntekter til Grendalaget. Vil drøfta dette med Håvard.

Tursti til Ørnakula skal merkast. I tillegg ser vi at turstiløypene treng gode rutinar for vedlikehald.

Avventar innkalling til neste styremøte. Innspel i Samferdsselssaka kan føra til snarleg innkalling.

For Grendalaget

Jostein